



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Ferievikarar pleie og omsorg sommar 2017

### Stillingsinformasjon

Er du utdanna sjukepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, helsefagarbeidar eller er du student?

Likar du utfordringar i eit meningsfullt og spanande miljø?

Vi i Meland heimeteneste og Meland sjukeheimen søker DEG som har interesse og gjerne erfaring innanfor tenester som institusjon eller heimeteneste.

Vi treng ferievikarar frå 22. juni til 16. august.

Vi har eit stort behov for vikarar som er utdanna sjukepleiarar, helsefagarbeidarar eller vernepleiarar.

Personar med anna utdanning med relevant erfaring frå sjukeheim eller heimeteneste er velkomne til å søkje.

Skriv i søknaden om du ynskjer å arbeide i heimetenesta, sjukeheimen eller natt-tenesta.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåver er fyrst og fremst stell/pleie av pasientar, men og praktiske oppgåver som tilrettelegging av måltid og reinhald i heimane.

### Kvalifikasjonskrav

Du må ha evne til samhandling med andre, og klare å arbeide sjølvstendig.

Du må ha gode kommunikasjonsevner og må kunne uttrykke deg godt på norsk, både munnleg og skriftleg.

For arbeid i heimetenesta og på natt er det krav om førarkort klasse B.

### Vi tilbyr

Eit godt arbeidsmiljø

Dyktige og engasjerte kollegaer

Varierte oppgåver

Naudsynt opplæring

IA bedrift

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

Vi tilbyr opp til 100% stilling i perioden

Vi tilbyr tilpassa arbeidstid

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 20.04.2017

Utlyst dato 21.02.2017

Vårref

643/17

### Kontaktperson

Randi Rotevatn Minde, Leiar Meland sjukeheim, tlf: 56171230, mobil: 994 97 612, randi.r.minde@meland.kommune.no

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimetenester, tlf: 56171210, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no